



VIKEDAL UNGDOMSLAG.....for ei aktiv bygd!

## ÅRSMELDING VIKEDAL UNGDOMSLAG 2007

### Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett Espevoll Leifsen (nestleiar) Svein Bjarte Holten (kasserar), Leif Kåre Hårajuvet Sigmundstad (skrivar), Morten Skeie, Gina Heggebø.

**Vikedal ungdomslag** har hatt 8 styremøte og behandla 91 saker i 2007.

Midtbygden Ungdomslag og Vikedal ungdomslag har i år hatt fleire drøftingsmøte om det er modent for **samanslåing av desse to laga**. V.U.L var i utgangspunktet positive til dette. Me sette som ultimatum at ungdomshuset til M.U.L måtte seljast grunna store årlege kostnader til strøm, forsikring og vedlikehald. Det vart vedteke på ekstraordinært årsmøte i M.U.L. at tida ikkje er inne for ei samanslåing. Dei ønskte sterkt å behalde huset sitt.

Sjølv om det ikkje vart samanslåing av desse to laga arrangerte me familiekveld på Vikedal motorbane saman på **St. Hans**. Det var suksess. Det møtte mykje folk og det var eit bevis på at det er god samarbeidskjemi mellom M.U.L og V.U.L.

Vikedal Ungdomslag har hatt ein del møte som medarrangør i **Jens Zetlitz-spelet** som går av stabelen i mai 2008.

Under **Rootsfestivalen** leigde me ut anlegget vårt – dette gav litt pengar i kassen.

Under **Zpartyfestivalen** arrangerte V.U.L. diskotek på Bygdehuset. Dette arrangementet fekk gode tilbakemeldingar.

V.U.L hadde underhaldning for barna på **Sommarfestivalen** også i år. I tillegg hadde me 'stand' for å prøve å promotera laget og å sanke medlem.

For å kome i gong med arbeidet med den tradisjonelle revyen, arrangerte V.U.L **revyseminar på Sand 29. – 30. juni**. Det kom mykje godt ut av dette seminaret, og det la grunnlaget for resten av revyarbeidet utover hausten.

Under **Hjortefestivalen 2007** i oktober hadde Vikedal lyd på fleire arrangement i kommunen. Dette gav oss nokre tusen i inntekter.

Vikedal ungdomslag har arrangert **to bingoar** på Vikedal Bygdehus.

### Adresse/tlf/e-post:

Vikedal Ungdomslag, Postboks 13, 5586 Vikedal  
Telefon: 52 76 05 04 - Mobil: 46 89 08 55  
E-post: [eydeniss@online.no](mailto:eydeniss@online.no)

Kontonummer:  
3244 05 20501



Org. nummer:  
984 039 883

[www.vikedal.no/ungdomslag](http://www.vikedal.no/ungdomslag)

### Sturemedlemmer 2007:

Mils Erik Eide (leiar), Gro Anett E. Leifsen (nestleiar)  
Svein Bjarte Holten (kasserar) Gina Heggebø  
Leif Kåre H. Sigmundstad, Morten Skeie



VIKEDAL UNGDOMSLAG.....for ei aktiv bygd!

Styret sa samrøystes ja til å bli medlem i **kontorfellesskap i Vikedal sentrum f.o.m** 01.01.08. Det vil koste laget om lag 5.000 kroner i året. Sjølv om avtalen gjeld frå januar 2008 har laget fått brukt lokala i haust.

Under **"Jul i Vikedal 2007"** arrangerte me, som i fjor, *nissesti* for barna. Det var populært.

Vikedal Ungdomslag si revygruppe, Port Salutt, arrangerte i november/desember **julebordrevyen "Du & Gna gjer bygda gla"** – det var ein stor suksess. I ei bygd med 850 innbyggjarar såg 750 personar revyen. Det er me stolte over. Revyen gav oss eit bra økonomisk overskot som skal nyttast til utstyr og anna i samband med barne – og ungdomsarbeid i Vikedal framover.

**Av andre ting kan nemnast** at me har investert i prosjektor og lerret. Me har hatt møte med Rogaland ungdomslag der dei informerte oss om laget og tipsa oss om ulike midlar som er tilgjengelege. Me fekk avslag på søknad om økonomisk støtte frå Haugaland Kraft Fondet til Dirt Jump-bane.

Når det gjeld **tilskot utanfrå** så har me fått 5.000 kroner frå Vindafjord kommune i driftstilskot.

Eg vil nytta høvet til å **takka styret for god innsats** i dette travle året. Leif Kåre H. Sigmundstad sluttar som styremedlem etter dette året. Resten vert med oss vidare....

**Takk for i år!**

07.02.08

**Nils Erik Eide**

**Leiar Vikedal ungdomslag**

Adresse/tlf/e-post:

Vikedal Ungdomslag, Postboks 13, 5586 Vikedal  
Telefon: 52 76 05 04 - Mobil: 46 89 08 55

E-post: [eydeniss@online.no](mailto:eydeniss@online.no)

Kontonummer:  
3244 05 20501



Org. nummer:  
984 039 883

[www.vikedal.no/ungdomslag](http://www.vikedal.no/ungdomslag)

Styremedlemmer 2007:

Mils Erik Eide (leiar), Gro Anett E. Leifsen (nestleiar)  
Svein Bjarte Hulten (kasserar) Gina Heggebø  
Leif Kåre H. Sigmundstad, Morten Skeie